Bremanger kommune



Det lønner seg å satse i Bremanger

Klar for eit nytt kapittel i Bremanger?

**Kanskje har du høyrt om oss. Kanskje har du budd her før.
Eller kanskje du er på jakt etter ein heilt ny stad å starte på?**

Eit rolegare tempo. Meir rom rundt deg. Nærleik til naturen – og litt betre plass i kvardagen.

Bremanger kommune ligg på grensa mellom Nordfjord og Sunnfjord. Her bur om lag 3 400 menneske, spreidde utover fleire små og levande bygder, frå hav til bre, og du kan bli ein av oss.

Her er det kort veg til det meste. Til jobb, skule, barnehage og fritid. Til fjellet, havet og dei små pausane i løpet av dagen.

Sjølvsagt veit vi at det å flytte ikkje skjer over natta. Det er mykje som skal på plass.

Jobb, bustad, fritid og det å finne seg til rette i eit nytt lokalsamfunn.

Heldigvis treng du ikkje finne ut av alt åleine. I Bremanger jobbar vi aktivt for å gjere det enklare å kome i gang, og vi hjelper deg gjerne med både små og store spørsmål undervegs.

Du treng ikkje ha alle svara klare.

Det held å vere litt nysgjerrig.



Kan vi freiste med ein opptur?
Sjå vår gode rekrutteringspakke

Sletting av 25.000 studiekroner i året

Den statlege støtteordninga slettar 25 000 kr av studiegjelda kvart år for dei som vil bu i Bremanger. Ordninga skal motivere folk til å bu i distrikta og støtte målet om høgare kompetansenivå i desentraliserte kommunar.

Les meir

Årleg tilskot på 30.000 til nytilsette

Bremanger kommune tilbyr ein økonomisk startpakke for nye arbeidstakarar som vert tilsette i kommunal stilling.

Startpakka består av eit årleg tilskot på kr. 30 000,– i inntil fem år, totalt kr. 150 000,–.

Les meir

Gratis barnehage

Gratis barnehageplass i alle barnehagane i kommunen. Det einaste ein betalar er kostpengar.

Les meir

Fritid for ein kvar!

I Bremanger får alle barn og unge mellom 6 og 18 år eit fritidskort på 2200 kroner i året. Vi gjer det enkelt å bli med i idrett, kulturskule og andre fritidsaktivitetar.

Les meir

200.000 i bustadtilskot

Bremanger kommune tilbyr 200 000 kr i bustadtilskot for førstegongsetablerarar under 50 år.

Søk om tilskot

Vil du arbeide, men ikkje flytte hit?

Bremanger kommune har særleg behov for helsepersonell.

Om du ikkje vil flytte til kommunen tilbyr vi ein fordelaktig turnus og billig plass å bu medan ein arbeider her. I tillegg reisetilskot, fleksible arbeidstider og varierte arbeidsoppgåver.

Les meir

Foto: Helle Frogner

10 millionar grunnar til å flytte til Bremanger

Den store utfordringa alle småkommunar står ovanfor:

Korleis får vi ung arbeidskraft til akkurat vår kommune?

Vårt svar på dette er at vi bruker 10 millionar kroner i året på tiltak som gjer Bremanger til den beste plassen for unge folk å boltre seg.



Heldigvis veit vi kva unge folk vil ha:

Unge vaksne er lei av å leige!

Startkapital er ei stor hindring for draumen om å eige sin eigen heim. Vi gjev difor 200 000 kr til bustadkjøp, bygging og renovering av eige hus i Bremanger.

Unge folk søkjer jobb!

Vi har mange ledige stillingar i kommunen, innan mange ulike fagfelt. Finn du ikkje ei utlyst stilling som passar deg? Ta ein prat med oss i kommunen og så kan vi sjå på moglegheitene ilag. Vi har eit tilflyttarkontor som gjer det enklare for oss å «matche» deg med riktig arbeidsplass.

Unge arbeidsaktive vil ta meir utdanning!

Å lære er ikkje noko ein blir ferdig med. Studentstova på Igland og den planlagde studentstova i Svelgen er tilbod som liknar det ein finn på universitetsbiblioteka, og er ope for alle studentar.
Kommunen støttar også tilsette som vil ta meir utdanning.



Bremanger midt i verda

Mange lurer på om det er korte eller lange avstandar i Bremanger. Svaret er at avstandane ikkje er så mykje lenger enn andre stadar.

Frå Kalvåg kan du vere på Karl Johan i løpet av tre timar. Båten frå Smørhamn til Florø tar ein halvtime. Deretter er det ein time med fly til Gardermoen.

Les meir om avstandar i Bremanger

Foto: Steinar Engeland



Tilflyttarkontoret

Har du spørsmål om det å flytte til Bremanger, er tilflyttarkontoret ein god plass å starte.

Her får du hjelp til å finne fram, enten det gjeld jobb, bustad, eller folk å bli kjent med.

Ingen spørsmål er for små eller store!

Kom i kontakt med næringslivet

Ein treng arbeid for å få inntekt, men også fellesskap og meistringsfølelse. Vi kan hjelpe deg om du ikkje veit kor du skal starte å leite etter jobb. Kanskje har vi litt «inside-information» å by på?



Ta kontakt!

Dag H. Nestegard er prosjektleiar for tilflyttarkontoret og står klar til å ønskje deg velkommen!

Dag H. Nestegard
Prosjektleiar

48 17 02 09

dag.nestegard@bremanger.kommune.no

Bremanger Quarry AS
Bærekraftig steinutvinning

Bremanger Quarry – naturstein i verdsklasse



På vestkysten av Noreg ligg Bremanger Quarry – eit moderne steinbrot der naturstein blir broten og foredla til byggjeråstoff for prosjekt over heile verda.

Steinen frå Bremanger er kjent for høg styrke, slitestyrke og stabil kvalitet.
Materialet blir marknadsført under namnet Bestone® og er godt eigna til krevjande konstruksjonar.

Produksjonen i steinbrotet er utvikla med fokus på effektiv ressursbruk.
Store delar av prosessen skjer inne i fjellet, og tyngdekrafta blir brukt aktivt i knusinga av steinen.


Dette gjer Bremanger Quarry til eit av dei mest innovative steinbrota i verda.





6723 Svelgen | Bremanger-quarry.nl | +47 57 79 66 00

Høyr frå dei som flytta tilbake til Bremanger!



SFE

Du + SFE
= (t)opptur?

Naturen vi bur i gir oss dei beste føresetnadene for å lage straum på ein berekraftig måte, men vi kjem ingen veg utan lagspel og samarbeid.

Vil **DU** vere med på SFE-laget?

sfe.no/karriere

SFE



Svelgen

Industristaden Svelgen er kommunesenter. Idrett har alltid vore viktig for Svelgen, og du finn oss ofte ved Samfunnshuset og Kulturhuset Realen.



Kalvåg

Turistplassen Kalvåg er kjent for Knutholmen som er ei drivkraft i bygda. Her er kunst viktig og Oddvar Torsheim sitt galleri ligg i sentrum.



Davik

På Davik har vi eit aktivt båtliv og Davik Fjordparadis er ei viktig scene for kulturlivet i kommunen.



Ålfoten

Ein tettstad med bre og fjord. Her er det godt samhald mellom naboar gjennom Liv og Lyst, og vi møter kvarandre ofte på tur eller ved Hjortegarden.



Berle

Gjennom Berleporten kjem du til Berle. Her kjem du tett på heksefjellet Hornelen.



Bremangerbygda

På veg mot Grotlesanden køyrer du gjennom eit aktivt kulturliv med Heimen Kulturhus og kaféliv på Farmen. Kanskje du høyrer lyden av rockklubben eller ser bandet Oddny?

Frå kyst til fjell – bli kjent med bygdene!

Bremanger er ein langstrakt kommune på grensa mellom Sunnfjord og Nordfjord. Våre bygder er heilt unike, og byr på ulike ting.

Les meir



Midtgulen

I Midtgulen bur vi meir spreidd, men møter kvarandre på forsamlingshuset Trudvang.



Rugsund – Leirgulen

Rugsund gamle handelsstad var eit viktig stopp på ruta mellom Bergen og Nordfjord. Frå Leirgulen kan du ta båten direkte til Bergen.



Botnane

Botnane er eit historisk lokalsamfunn med eigen diktarsti og 3000 år gamle gravrøyser.

Foto: Sverre Hjørnevik






KONTROLLROM
ELKEM BREMANGE



Elkem Bremanger er det mest spesialiserte verket i Elkem-familien. Vi produserer Silgrain, Inokulanter og Microsilica som brukes til alt fra elektronikk, bil-industri og betong-industri.

Elkem har forpliktet seg til å utvikle sin virksomhet i samsvar med FNs bærekraftsmål og Parisavtalen og har blitt rangert blant de beste utøverne i flere klima- og bærekraftrangeringer.

elkem.no

Opplevingar

Bremanger er særleg kjent for dei mange fjella og for usedvanleg geologi. Dei bratte fjella har gitt oss fornybar energi og naturopplevingar, og i steinen har vi funne teikn frå menneska som var her lenge før oss.



Vil du vite meir om desse turane?

Kommunen tilbyr informasjon om turane som treng litt planlegging. Du får også vite om historia til staden, startpunkt og det som gjer turane unike.

God tur!

SJEKK UT TURANE HER

Takk til våre samarbeidspartnere!

HORNELEN
VIA FERRATA

Du har aldri klatra eit fjell som dette før
HORNELENVIAFERRATA.NO



Hornelen (860 m.o.h.)

Hornelen er kjent som heksefjellet. Vi har ikkje sett hekser på fjellet på ei stund, så no er det hovudsakleg ein uforgløymeleg tur. Sjøklippa har brattare og slakkare sidar, og du kan enten gå eller klatre opp!



Vetvika

Vetvika er ei skjult perle. Denne veglause vika må du enten gå eller ta båt til. Her må du verkeleg jobbe for utsikta!



Grotlesanden

Denne kritkvite stranda har plassert Bremanger på kartet for mange. Her, ved enden av fylkesvegen, kan du slappe av i den kvite sanden!



Vingen

Våre ikoniske helleristningar ligg der dei alltid har lege: i Vingen ved Frøysjøen. Med guide og båt er det ingen problem å sjå desse fleire tusen år gamle verna kunstverka.



Ålfotbreen

Ålfotbreen landskapsvernområde omfattar eit av dei mest nedbørsrike område i landet, og den vestlegaste og mest havpåverka isbreen vår.



Keipen (1300 meter)

Keipen (1300 moh) er eit av dei høgaste fjella i Bremanger. Frå toppen er utsikta spektakulær.



Kultur

Vi veit at det ikkje er nok med flott einebustad og fulltidsjobb: Vi vil at du skal fylle fritida di med meining og moro! Heldigvis er vi ein region med stort fokus på kultur i alle former.

Musikk

Vi har eit levande musikkmiljø med rom for både lyttarar og utøvarar, unge og vaksne. Her finn du korps, kor og frivillige kulturkrefter som gjer det lettare å finne ein plass å høyre til.

I Svelgen, som er kommunesenteret i Bremanger, finn du også musikkbingen. Det er eit øvingslokale for aspirerande musikarar, og eit godt tilbod for dei som treng ein stad å spele, øve og utvikle seg.



Kulturskulen i landstoppen

Kulturskulen i Bremanger er aktiv fleire stader i kommunen, og har markert seg heilt i landstoppen.

I Norsk Kulturindeks kom Bremanger på andreplass i landet innan kulturskule. Det seier litt om både breidda, engasjementet og arbeidet som blir lagt ned her.

Kulturskulen tilbyr også gratis kulturkarusell for elevar i første og andre klasse.



Kva hadde vi vore om vi ikkje hadde eigen festival?

Bli med på Rockweekend i juli.

Festivalen har skapt liv og blest kvar sommar sidan 1980-talet, med både lokale musikksjeler og nasjonalt hylla artistar på scena.



Biblioteka

Våre folkebibliotek er samlingsplassar for litteratur- og barnearrangement. Etter skuletid fyller pc-stolane seg i Svelgen og playstationane summar på Hauge! Og det er ikkje noko problem om du ikkje når opningstidene: med meir-ope-tilgong kan du nytte biblioteket i Svelgen heilt fram til kl. 22!

Bergkunst

Kunst har alltid vore viktig for oss, faktisk heilt frå førhistoria med tanke på helleristningane i Vingen. I nyare tid har vi eit aktivt miljø for akvarellmaling, og treskjæring i Svelgen.

Av levande bilete har vi tre kinoar, og vi er spesielt stolte av bygdekinoen i Ålfoten. På nokre av scenene våre dukkar også Teater Vestland opp av og til!



Kulturhusa som samlar oss

Kulturhuset Realen er ein viktig samlingsstad for lag og organisasjonar i Svelgen. Ungdomsklubben lagar leven kvar veke. Her kan du av og til møte organisasjonen Ecco sine volontørar frå heile Europa. Kanskje du finn noko du treng på bruktbutikken her?

I ytre er Heimen på Hauge eit viktig samlingspunkt. Her ligg Bremanger kino & scene, og du høyrer ofte ungdommen på bandøving når du tuslar forbi.

Begge kulturhusa husar kvar sin kunstklubb!



Er det noko spesielt du brenn for?

Frivilligsentralen i kommunen hjelper deg gjerne med å starte lokallag, enkeltarrangement, festivalar, klubbar og alt du kan tenkje deg.

Friluftsliv og idrett

Bremanger har eit vell av store og små foreiningar, og eit aktivt idrettsliv i dei største bygdene.

SJÅ OVERSIKT OVER FOREININGANE

Sport for alle

Vi har seks ulike idrettslag spreidd over heile kommunen, så her får du trent uansett kvar du bur! Fotball står sterkt, og i det siste har det vakse fram små miljø rundt golf-simulator og sendebrett-sport (Frisbee).

HER KAN DU DRIVE IDRETT





Treningssenter

Treningssenter er ein viktig del av kvardagen for mange, og her har vi både nytt utstyr og god stemning. Du kan trene på Frysa gym i Iglandsvik Næringspark, Ålfoten treningssenter, Svelgen Idrettshall eller i kjellaren på Bremanger Fjordhotell.

Klatring

Klatring ute i frisk luft er ei fin oppleving, og her har vi både boltra og uboltra ruter. Du kan også prøve deg på buldring ute i naturen i Ålfoten, eller innandørs i Svelgen.

Vi har klatreruter for både nybyrjarar og ekspertar. For dei minste har vi Mestringsgarden klatrepark på Nesbø.

SJÅ KLATRERUTENE





Hopp i havet!

Kva er ein kystkommune utan badestrender? Du finn vakre strender sentralt i Kalvåg, Bremangerbygda og Svelgen, men også så avsides som i veglause Vetvika!

SJÅ EIT UTVALG

Skytebane og jakt


Bremanger er kjent for å ha minst like mykje hjort som innbyggjarar. Og det er ikkje ein dårleg vits om kor få innbyggjarar vi er, vi meiner det!


Vi har mange utandørs og innandørs skytebaner for både rifle og pistol. Ser du etter jaktfellesskap så finn du garantert det på skytebana.

SKYTEBANENE



KLAUSEN INDUSTRIER







KLAUSEN INDUSTRIER
- servicebedrift innen rør, industri og platearbeid

Gunnar Scheldrups veg 66, 6723 Svelgen
Sentralbord: 57 79 37 66 | **www.klausen.no**

Takk til våre samarbeidspartnarar!



Rugsund Taxi AS

Vi har biler som tar 5 og 6 passasjerer

Teneste 24 /7 Tlf: 57 79 41 11



FERSTAD ELEKTRO AS

ALT INNAN ELEKTRO

ELEKTROINSTALLATØR

- Norges største elektrokjede
- God service og høg kvalitet
- Rask respons

577 91 357
post@ferstadelektro.no
www.ferstadelektro.no



Bremanger Bygg
bremangerbygg.no

Trygg byggpartner i Bremanger

Bremanger Bygg AS vart etablert i 2014 og utfører tømrerarbeid i Bremanger kommune. Bedrifta tek oppdrag innan nybygg, tilbygg, rehabilitering og betongarbeid, og er totalentreprenør og leverandør av Heim Boligsystem. Dei har sju tilsette frå Bremanger og kontor med utstillingslokale på Hauge.



BYGGMESTER HAUGE

DIN LOKALE TØMRER MED SANS FOR DETALJER

byggmesterhauge.com

Vi er på utkikk etter fleire tømrera på laget vårt!

Velkommen til Byggmester Hauge
Vi bygger med kvalitet, stolthet og omtanke – for deg og ditt prosjekt. Som lokalt byggmesterfirma leverer vi alt fra små reparasjonar til store byggeprosjekt, alltid med fokus på godt handverk og fornøgde kundar. Hos oss møter du fagfolk som lyttar til dine ønsker, gir ærlige råd og følger deg trygt gjennom heile prosessen.

Joakim@byggmesterhauge.com +47 99 39 55 69



FRYSA GYM

Treningssenter med varierte gruppetimar og rikeleg plass til eigentrening

frysagym.no



IGLANDSVIK NÆRINGSPARK

Vi har plass til deg og di bedrift
- enten du treng kontor for ein dag eller til langtidsleige

MODERNE KONTORFASILITETAR OG MØTEROM
INFORMASJON OG BOOKING:
IGLANDSVIK.NO

Smørhamn Handelsstad

Her inviterer vi til ferie i unikt miljø med variert historie gjennom 400 år. Gjæstgiveri som m.a. tok i mot 3 kongar frå 1685 – 1733, sjøfarande i jektefart, tingmøte, handel og fiskeri. Dei første kommunestyremøta for Bremanger kommune vart og halde her.

Velkomen til å nyte freden i historiske omgjevnader. Vi har 5 leilegheiter med plass til 15 – 25 og felleslokale til større grupper.

Smørhamn Handelsstad
RORBULEILEGHEITER

Sjå **www.smorhamn.no**.
Kontakt tlf. **+47 958 68 768**
smorhamn@gmail.com.



Bua med leilegheiter til venstre på bilde.

POST I BUTIKK • TIPPING • APOTEKUTSALG

Velkomen til ein hyggeleg handel hos

Spar Kalvåg



SPAR

Amtskaivegen 8 • Tlf. 57 79 10 10 • spar.kalvag@spar.no • www.spar.no

Kontakt oss for spørsmål om Bremanger!

Gode Bremanger

godebremanger.no

hallo@godebremanger.no

Bremanger kommune

bremanger.kommune.no

post@bremanger.kommune.no

Sentralbord:57 79 63 00



JS NORGE · Concept: JS Media Tools A/S · 116798 · www.jsnorge.no

Bremanger kommune

BRE MAN GER